

«STIGMA» kallar dei seg, dei tre unge videoprodusentane frå Tysnesbygda. Hittil har all redigering føregått heime med video-spelar og stereoanlegg, men no har dei fått tilbod om å låna profesjonelt mixeutstyr på Lærarhøgskulen på Stord.

Nokre brukar fritida på idrett. Andre på musikk. Somme på heilt andre ting. Carsten Simonsen, Nils Vermund Gjerstad og Kjell Magnus Økland frå Tysnesbygda nyttar omtrent alle ledige stunder til videoproduksjon. Dei opptrer sjølv bak og framfor kamera. Trass sin unge alder, har dei allereie selt sin første film.



# Unge filmentusiastar med eige filmselskap

— Det byrja påskehelga 1992. Då leigde Kjell Magnus og eg videokamera på kulturkontoret fire, fem dagar. Den gongen var det berre gøy å sjå seg sjølv på video. Men etter kvart vart det me laga meir gjennomtenkt, fortel Nils Vermund. Han gjekk den gongen på Os gymnas. Der møtte han ein medelev som hadde god kjennskap til film. Dei to «fann kvarandre» og innleia straks eit samarbeid.

## Krevande skrekkfilm

Sommaren -92 sette dei i gang eit ambisiøst prosjekt; ein skrekkfilm om ein varulv som herja blant ein ungdomsflokk på telttur i fjellet. Ein film med mange skodespelarar, og haugevis av effektar både på lyd- og bildevisa. Det vart mykje arbeid. Både sommaren, hausten, våren og deler av sommaren-93 gjekk med. Den ferdige filmen vart til slutt på om lag 30 minuttar, noko som er lang tid i filmsamanheng. Det høyrer med til historia at osingen som var med på prosjektet i dag går på filmskule i Los Angeles.

## Nytt medlem

Dei to tysnesingane hadde også fått smaken på videoproduksjon. Dei fekk etter kvart med seg ein tredje tysnesing, Carsten Simonsen.

Hausten-93 og våren-94 var dei busette på ulike plassar rundt omkring i landet, men i feriane kom dei saman og laga film. Fart i produksjonen vart det for alvor i februar i fjor då Carsten Simonsen kjøpte sitt eige

videokamera. Då trong dei ikke lenger tenkja på å bli ferdige til ei bestemt tid. Dei tre unge videoprodusentane gjekk inn i ein svært aktiv periode.

## «Snuse»

I løpet av vinterferien i fjor laga dei ein kriminalfilm på 26 minuttar. Gjennomgangsfiguren var detektiven «Snuse». Ein person som er ei blanding av ulike klassiske etterforskarrar, og som i Nils Vermund Gjerstad sin versjon framstår som ein barsk, roleg, piperøykane type som drakk solo i staden for whisky. Seinare skulle det bli fleire filmar om etterforskaren «Snuse». Like før jul kom episode to, - ein parodi om det forferdelege studentmiljøet på Stord.

## Humor og alvor

Sjølv om parodiar og andre humoristiske produksjonar er det som interesserer dei unge videoprodusentane mest, har dei også laga fleire meir seriøse filmar. I fjor sommar bestemde dei seg t.d. for å filmatisera novella «Faderen» av Bjørnstjerne Bjørnson. Det var Kjell Magnus sin idé. Han hadde tidlegare på året hatt novella som pensum på gymnaset.

— Me fekk då sjå ei filmatisering som NRK hadde gjort på 1970-talet. Den var utruleg kjedeleg!! Andektig og høgtideleg. Eg tenkte at dette kunne me gje betre, seier Kjell Magnus Økland. Som tenkt så gjort. I sommarferien sette dei i gang hyra inn familie, vener og kjende som skodespelarar.

Fann eigna lokale, passande kostymar og rekvisita. Ein del omskrivingar til meir moderne tid, la dei også inn. Likeeins ein del symbolbruk som gjorde forteljinga meir spennande visuelt.

## Suksess

Resultatet og mottakinga var over all forventning. Både elevar og lærarar ved Stord vidaregåande skule var oppglødde. Norskseksjonen likte filmen så godt at dei like godt kjøpte han inn til undervisningsføremål. No håpar dei unge filmentusiastane frå Tysnes også å få selt filmen sin til Os gymnas.

— Det er ganske kjekt når både ungdomar og vaksne folk i 40 - 50 årsalderen likar filmen, seier Nils Vermund.

## Samla på Stord

Sidan i fjor haust har alle dei tre videoprodusentane vore samla på Stord. Nils Vermund held på med engelsk grunnfag på lærarskulen, Carsten går på AMO-kurs og Kjell Magnus går i andre klasse på Stord vidaregåande skule. Men i fritida kjem dei ofte saman og planlegg nye videoprosjekta.

— Me kan få inspirasjon til nye filmar av nesten alt mogeleg. Ofte kjem idéen medan me sit og pratar, eller etter me har sett ein film eller eit program på fjernsynet, forklarar Kjell Magnus. Som oftaast er ikkje vegen lang frå tanke til handling.

## Brukarsjeldan manus

— Av og til tek det ikkje

meir enn ein time før me får idéen til filmen er ferdig innspelt og redigert, seier dei. Ferdige manus brukar dei nesten berre unntaksvise.

— Den einaste filmen me har hatt skikkeleg manus til var varulv-filmen, seier Nils Vermund, som sjølv hadde ansvaret for filmmanuset. Han er også den som hadde ansvaret for manusarbeidet med novellefilmen «Faderen».

— Eg har alltid drive og skrive små historiar på datamaskina, fortel han. Noko skarp arbeidsfordeling mellom dei tre er det likevel ikkje. Dei opptrer alle både framfor og bak kamera. Carsten er likevel den som filmar mest. Han går nesten ingen stader utan at han har med seg kamera. Det har også vist seg at Nils Vermund som oftast får hovudrollene i filmane. Kjell Magnus på si side har nærmast monopol på dubbing.

## Moro og lærerikt

Dei tre kameratane synest videoproduksjon er både morosamt og lærerikt.

— Eg synest me har det veldig kjekt. Det er artig å prøva seg på ulike sjangrar, og eksperimentera med ulike filmteknikkar. At me treng både skodespelarar og andre til å hjelpe oss, har dessutan gjort at me er blitt kjende med nye folk, og har fått flere nye vener, seier Nils Vermund.

Kjell Magnus meiner at dei ferdige filmane også gjer sitt til at dei kjem i kontakt med folk, - ofte på tvers av generasjonar.

Dei unge videoprodusentane synest også dei lærer

mykje av å sjå filmar som andre har laga. Dei har alle sine forbilde blant dei store filmskaparane. Kjell har mest sans for den lovlause, groteske humoren til Monty Python. Nils Vermund likar betre filmskaparar som har utmerka seg som gode dramaturgar og forteljarar som t.d. Steven Spielberg og Stanley Kubrick. Robert Zemeckis, som m.a. står bak filmen «Forrest Gump», høyrer også med blant favorittane. Carsten har omtrent same smak. «Vidunderbarna» frå Hollywood, Steven Spielberg og George Lucas er filmskaparar han set høgt.

— Men det er også mykje å læra av å sjå kva folk har fått ut av lågbudsjeterte B-filmar, seier Nils Vermund.

## Framtidsplanar

A driva med filmproduksjon på heiltid er noko alle dei tre ungdomane godt kan tenkja seg ein gong i framtida. Idéar manglar det ikkje på. Til sommaren har dei mellom anna tenkt å laga ein parodi på «Easy Rider» på Tysnes. Ein versjon om moderne cowboyar på landevegen. Ein parodi på Thor Heyerdahl som stig i land på Tysnes og utforskar Pâskeøya, ei moderne utgåve av den bortkomne sonen og den miskunnsame samaritannen står også på programmet. Berre for å nemna noko.

MARGUNN SUNDFJORD

